



Arkivnr: 2014/1512-49  
Saksbehandlar: Hans-Christian Engum

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		21.09.2016
Fylkestinget		04.10.2016

## Regional plan for areal- og transport på Haugalandet - Nytt vedtak

### Samandrag

"Regional plan for areal og transport på Haugalandet" er ein revisjon av "Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet" frå 2004. Planområdet dekkjer dei ni kommunane Bokn, Haugesund, Karmøy, Sauda, Vindafjord, Tysvær, Utsira, Etne og Sveio. Planen må bli vedteken av fylkestinget både i Hordaland og Rogaland.

Planen vil erstatte gjeldande fylkesdelplan for areal- og transport for Haugalandet frå 2004. Planen inneheld føresegnar for handel som gjer at planen erstattar føresegnar for handel i *Regional plan for attraktive senter* for kommunane Etne og Sveio.

Planen vart sendt på høyring frå begge fylkeskommunane i februar/mars 2015, jf FUV-sak 22/2015. På bakgrunn av høyringsinnspel vart det gjort endringar i planforslaget som vart fremma for fylkestinga i juni 2015. Hordaland fylkesting vedtok planen samrøystes, mens Rogaland fylkesting utsette saka.

Det har vore ein vidare prosess med ny styringsgruppe der ein har opna for å gjere mindre endringar av plan før endeleg vedtak i juni 2016. Regionrådet på Haugalandet har hatt ønske om å fremme felles forslag til endringar i den regionale planen. Kommunane har arbeidd med dette fram mot styringsgruppemøta.

Det har vore arrangert to møter i styringsgruppa, 31. mars og 14. april 2016.

Fylkesadministrasjonane vurderte at dei samla endringsforslaga frå kommunane ikkje kan reknast som mindre endringar. Til fylkestinga i juni 2016 vart det likevel foreslått endringar på nokre punkt. I handsaminga i juni vedtok Rogaland fylkeskommune planen med ytterlegare endringar som ikkje var omtalt i saksgrunnlaget til Hordaland fylkesting. Fylkestinget i Hordaland valte difor å utsetje saka.

Fylkesrådmannen meiner at dei endringane som er føreslått er imøtekomande mot ønska frå kommunane, samtidig som det sikrar eit heilskapleg grep for heile regionen. Det vert tilrådd å vedta planen med føreslåtte endringar som gitt i vedlegg 1 i tillegg til dei nye endringane som fylkestinget i Rogaland vedtok i si handsaming i juni 2016.

## Forslag til innstilling

1. Fylkestinget i Hordaland vedtek "Regional plan for areal- og transport på Haugalandet" 11.05.2015 med følgjande endringar:
  - a. Områda på Ekrene vest skal kunne utbyggjast som bustadområde (fase 3).
  - b. Endringar i føresegner, retningslinjer og handlingsprogram som gitt i vedlegg 1 og med følgjande tilleggsendringar i retningslinjene:

Punkt 2 a)  
"Ølensvåg" flyttes fra Tettstedsenter til Områdesenter

Punkt 8 c)  
Følgende legges inn som setning nr 2 i punkt 8c):  
Fasadeendringar, reparasjonar og andre bygningsmessige utbedringar, samt opparbeiding av utendørsarealer, kan tillates så lenge tiltaket ikkje medfører nytt areal til handelsvirksomhet.

Punkt 10a)  
Siste setning endres til:  
I områder med lite utbyggingspress, og hvor lokale myndigheter vurderer det som nødvendig for å øke attraktiviteten for bosetting, kan det planlegges for et mer differensiert bosettingsmønster.

Punkt 14 b)  
I tabellen over "Minste felles uteoppholds-areal pr boenhet på terreng" skal første linje (hvor 20kvm gjelder) lyde:  
I Haugesund sentrum, samt sentrumsområder i Regiondelsentre og Områdesentre.

Setningen under tabellen endres til:  
«I Haugesund sentrum kan inntil 50 % av felles uteoppholdsareal dekkes utenfor egen tomt og innenfor maksimum 200 meter.»
2. Fylkestinget delegerer fullmakta til å fråvike regional planføresegn for lokalisering av handel til fylkesutvalet. Samtykke skal gjevast i samråd med Rogaland fylkeskommune, fylkesmennene og kommunar saka gjeld.
3. Hausten 2018 vert det lagt fram ein evaluering av planen til politisk handsaming.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Vedlegg 1 – Fylkeskommunane si anbefaling om endringar i handlingsplan og retningsliner - juni 2016
- 2 Vedlegg 2 - Plandokument datert 11. mai 2015
- 3 Vedlegg 3 - Kommunenes endringsforslag
- 4 Vedlegg 4 - Vurdering av kommunenes endringsforslag enkeltvis
- 5 Vedlegg 5 - Referat frå styringsgruppemøter 31. mars og 14. april 2016
- 6 Vedlegg 6 - PS SAK 146/16 - Juni 2016
- 7 Vedlegg 7 - PS SAK 38-15 - Juni 2015

## Fylkesrådmannen, 05.09.2016

### Bakgrunn

"Regional plan for areal og transport på Haugalandet" er ein revisjon av "Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet" frå 2004. Planområdet dekker dei ni kommunane Bokn, Haugesund, Karmøy, Sauda, Vindafjord, Tysvær, Utsira, Etne og Sveio. Planen må bli vedteken i fylkestinget både i Hordaland og Rogaland.

Planen vil erstatte gjeldande fylkesdelplan for areal- og transport for Haugalandet frå 2004. Planen inneheld føresegner for handel som gjer at planen erstattar føresegner for handel i *Regional plan for attraktive senter* for kommunane Etne og Sveio.

Planen vart sendt på høyring frå begge fylkeskommunane i februar/mars 2015, jf FUV-sak 22/2015. På bakgrunn av høyringsinnspel vart det gjort endringar i planforslaget som vart fremma for fylkestinga i juni 2015.

I Hordaland fylkesting, jf. PS-sak 38/2015 (vedlegg 6), vart planen vedteken med følgjande vedtak:

1. Fylkestinget i Hordaland vedtek "Regional plan for areal og transport på Haugalandet" 11.05.2015 med følgjande endring:
  - a. Områda på Ekrene vest skal kunne utbyggjast som bustadområde (fase 3).
2. Fylkestinget delegerer til fylkesutvalet å gje samtykke til tiltak som kjem inn under regional føresegn for handel. Samtykke skal gjevast i samråd med Rogaland fylkeskommune, fylkesmennene og kommunar saka gjeld.
3. Fylkestinget set ned eit forhandlingsutval med Tom-Christer Nilsen (H), Terje Søviknes (Frp) og Sveinung Valle (AP) til å koordinera siste del av plan- og vedtaksprosessen i Hordaland og Rogaland fylkeskommunar, m.a. vurdere Retningslinene 29-34 om landbrukseffektiv drift i kommunane Sveio og Etne."
4. Dersom vidare prosess resulterer i endringar som krev nye vedtak, vert vedtaksmynde delegert frå Hordaland fylkesting til fylkesutvalet så langt plan- og bygningslova gjev rom for dette.

Rogaland fylkesting vedtok ikkje planen i møtet i juni 2015 då følgjande vedtak vart fatta:

1. Fylkestinget er positiv til hovedgrepene i planen slik den ligger nå.
2. For å avklare planens harmonisering opp mot Hordaland fylkeskommune og få en bedre lokal forankring, ber fylkestinget om at planen endelig avgjøres i neste tingsete i inneværende valgperiode.
3. Styringsgruppen gis ansvar for den videre prosessen.
4. Fylkestinget setter ned et forhandlingsutvalg bestående av fylkeskommunens representanter i styringsgruppen, til å koordinere siste del av plan- og vedtaksprosessen i Hordaland og Rogaland fylkeskommuner.

For å koordinere, harmonisere og forankre planen vart det oppnemnt ny styringsgruppe våren 2016. Kjetil Hestad (Ap) vart valt som Hordaland fylkeskommune si representant i styringsgruppa med Sigbjørn Framnes (FrP) som vara. Kommunane utarbeidde forslag til endringar av planen inn mot styringsgruppemøta 31. mars og 14. april 2016. Basert på drøftingane i styringsgruppa vart det fremma felles forslag til vedtak av planen med nokre endringar til fylkestinga i Hordland og Rogaland i juni 2016.

I Hordaland fylkesting, jf. PS-sak 146/16, vart det fatta følgjande vedtak:

«Saka vert utsett til oktobertinget.»

Grunngjeving: Det er behov for å få informasjon om vedtaket som vert gjort i Rogaland fylkeskommune.

I Rogaland fylkesting, jf. sak 62/16, vart det fatta følgjande vedtak:

Fylkestinget i Rogaland vedtar "Regional plan for areal og transport på Haugalandet", datert 11.05.2015 med følgjande endringer:

1. Områdene på Ekrene vest skal kunne bygges ut som boligområde (fase 3).
2. Retningslinjer og handlingsplan endres som beskrevet i vedlegg 1 (fylkeskommunens forslag til endringer) med følgjande tilleggsendringer i retningslinjene:

Punkt 2 a)

“Ølensvåg” flyttes fra Tettstedsenter til Områdesenter

Punkt 8 c)

Følgende legges inn som setning nr 2 i punkt 8c):

Fasadeendringer, reparasjoner og andre bygningsmessige utbedringer, samt opparbeiding av utendørsarealer, kan tillates så lenge tiltaket ikke medfører nytt areal til handelsvirksomhet.

Punkt 10a)

Siste setning endres til:

I områder med lite utbyggingspress, og hvor lokale myndigheter vurderer det som nødvendig for å øke attraktiviteten for bosetting, kan det planlegges for et mer differensiert bosettingsmønster.

Punkt 14 b)

I tabellen over "Minste felles uteoppholds-areal pr boenhet på terreng" skal første linje (hvor 20kvm gjelder) lyde:

I Haugesund sentrum, samt sentrumsområder i Regiondelsentre og Områdesentre.

Setningen under tabellen endres til:

«I Haugesund sentrum kan inntil 50 % av felles uteoppholdsareal dekkes utenfor egen tomt og innenfor maksimum 200 meter.»

3. Til høsten 2018 legges det frem en evaluering av planen til politisk behandling.

Saka vert fremma for fylkestinget i Hordaland i oktober 2016 for endeleg vedtak.

### **Rammer og verknad**

Regional plan for areal- og transport på Haugalandet er ein regional plan etter plan- og bygningslova § 8-1. Den skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging i regionen (§ 8-2).

Planen er delvis overlappande med Regional plan for attraktive senter i Hordaland, og vil erstatte denne på ein skilde tema. Formelt vil det vere slik at den sist vedtekne plan vil gjelde der kor planane er tematisk samanfallande og i strid med kvarandre.

### Retningslinjer

Planen inneheld retningslinjer for arealbruk innanfor ulike tema. Retningslinjene er eit verkemiddel for å oppfylle måla i planen. Retningslinjer for arealbruk er vil vera innspel til kommunal arealplanlegging.

Retningslinjene er grunnlag for vurdering av motsegn frå regionale organ, men må sjåast i ein heilskap med ulike interesser i den konkrete planen. Berre når nasjonale interesser og vesentlege regionale interesser er råka kan motsegn grunnjevast.

### Føresegner

Planen inneheld føresegn for areal under Kapittel 4 Handel og kjøpesenter. Føresegner er juridisk bindande for kommunane og for private utbyggjarar. Tiltak kan ikkje gjennomførast i strid med føresegnene.

Føresegnene beskriv korleis saker som gjeld nytt handelsareal skal handterast når det gjeld omfang, lokalisering og bruk av handelsanalysar. Føresegnene gjeld for 10 år frå vedtaksdato.

Etter vedtak av føresegner i regional plan skal desse kunngjerast i Norsk Lovtidend, og gjerast kjend for departement, fylkesmann, aktuelle kommunar og statlege myndigheiter.

## Prosess i 2016

Regionrådet på Haugalandet tok i midten av desember 2015 initiativ til at kommunane kunne utarbeide eit felles innspel til endringar av planen slik den er fremma og oppmoda Rogaland fylkeskommune om å få tid til dette. Dei to Hordalandskommunane Sveio og Etne var invitert inn i dette arbeidet. Arbeidet resulterte i at kommunane fremma eit innspelsnotat rett i forkant av styringsgruppemøtet 31. mars. I dette notatet vart det fremma ei rekke endringsforslag, men Haugesund kommune hadde ikkje stilt seg bak alle. Møtet 31. mars var først og fremst eit møte der kommunane fekk mogelegheit til å leggje fram sine forslag utan at fylkeskommunane hadde fått tid til å vurdere forslaga som hadde kome inn. Rogaland fylkeskommune signaliserte i møtet at det berre var mindre endringar ein opna for.

I etterkant av møtet har kommunane arbeidd vidare med sine innspel og leverte endringsforslag på nytt før møtet 14. april. Her sto alle kommunane samla, men Haugesund kommune berre på vilkår av at forslaga kunne reknast som mindre endringar. Desse endringsforslaga er gitt i vedlegg 3. Styringsgruppemøtet 14. april enda med delt innstilling der kommunane framleis ønska sine egne forslag til endringar gjennomført.

## Vidare prosess

Kommunane Karmøy, Tysvær og Bokn i Rogaland fylke har varsla at dei har vesentlege innvendingar knytt til konkrete retningslinjer i planen slik den er vedteken av fylkestinget i Rogaland. Dette betyr at planen blir sendt til kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd. Det er dei konkrete retningslinjene departementet skal vurdere og fatte avgjerd om. Retningslinjene som er aktuelle i denne samanheng er nr. 7, 11, 12, 14, 15.

## Utgangspunkt for nytt vedtak i Hordaland

Utgangspunktet for Hordaland fylkeskommune er at fylkestinget i 2015 fatta eit samrøystes vedtak av planen, med nokre justeringar og ønskje om å vurdere retningslinjer for landbruk nærare. Når Rogaland fylkeskommune opna for ei ny runde med innspel frå kommunane, støtta fylkesrådmannen at det i utgangspunktet var mindre endringar av planforslaget ein opna for. Også Hordaland si politiske representant har vore tydeleg på dette i møtet i styringsgruppa 14. april.

Fleirtalet av fylkespolitikarane i styringsgruppa presiserte at dei ikkje ville opne for endringar som krev ny høyring av planen. Omgrepet «mindre justeringar» eller «mindre endringar» i planlegginga skildrar endringar som er så små at dei ikkje endrar hovudgrepa i planen. Dette inneber at endringane berre har ubetydelige konsekvensar for høyringspartane. På bakgrunn av dette medverka administrasjonen i Hordaland fylkeskommune til å vurdere kva endringar som kan reknast som mindre og som kan gjennomførast utan å ende opp med krav om ny høyring. Dette låg til grunn for fylkestinga sine vedtak i juni 2016.

Når Rogaland fylkesting no har fatta vedtak med fleire endringar av planen, har vi ein situasjon med vedtak av to ulike planar. For å få samkøyrt vedtak tilrår fylkesrådmannen at Hordaland fylkesting fattar nytt vedtak i oktober 2016.

## Vurdering

Denne vurderinga er todelt. Første del er vurdering av dei felles endringsforslaga som låg til grunn i fylkestingshandsaminga i juni 2016, og som framleis er gjeldande. I tillegg har fylkesrådmannen vurdert dei nye endringane som Rogaland fylkesting vedtok i juni 2016.

### Vurderingar av felles forslag til endringar før handsaming i fylkestinget i juni 2016

Fylkesrådmenna har gjort ei vurdering av kommunane sine forslag til endringar i planen. Kommunane har foreslått endringar både innan senterstruktur, føresegner om handelsetableringar, næringslokalisering, rekkfølge i bustadbygging, og fjerning av fleire retningslinjer innanfor tema som arealutnytting, bukvalitet og landbruk. Samla sett vil dei medføre endringar på ein rekkje strategisk viktige punkter i planen, og som signaliserer redusert binding til strategien «By- og tettstad». Dette vil svekke planen som eit felles styringsverktøy i eit slikt omfang at det ikkje kan bli karakterisert som «mindre endringar».

Regional styring og samordning er særleg viktig i dei bynære områda med Haugesund, Kopervik/Åkra i sør, Aksdal i øst og Sveio i nord. Denne delen av regionen er tettast integrert. Framtidig utbyggingsmønster har stor påverknad på transport og utvikling i nabokommunane. Det er viktig at dette bynære området vert sett under eitt med felles politikk i eit område med felles utfordringar. Etter fylkesrådmannen si vurdering er det naturleg at deler av Sveio kommune også er ein del av dette området.

Basert på ein vurdering av kommunane sine forslag, og etter ei gjennomgang av retningslinene i planutkastet, har fylkesadministrasjonane vurdert kva endringar som kan gjennomførast utan å ende i ny høyring. Fleirtalet av fylkespolitikarane i styringsgruppa sto samla bak desse forslaga i styringsgruppemøtet 14. april. Endringane inneber:

1. Kommunane har foreslått å tydeliggjøre forholdet mellom den regionale planen og kommunale planar ved å presisere at detaljering og endelege grenser blir fastsett i kommunale planer. Fylkeskommunen har lagt fleire slike endringar inn i retningslinene.
2. Kommunane har reagert på styringa i planen, og vist til at det mange steder i planen er brukt «skal-formuleringar». Fylkeskommunane har funnet til saman 12 stader kor retningslinene kan unngå «skal-formuleringar». Omformuleringane tek omsyn til at retningslinene fortsatt skal gi grunnlag for styring.
3. Kommunane ønskjer å utarbeide ein interkommunal plan for rekkefølge i bustadbygginga og områdeplaner for å kategorisere næringsområder. Slike planer vil kunne detaljere og utfylle grep i den regionale planen. Det er ein føresetnad at grepa som skal detaljerast på førehand er lagt gjennom regional plan. I vedlegg 1 er det laga forslag til formuleringar i handlingsplanen som kan løyse dette.
4. Hordaland fylkeskommune har allereie vedtatt at «områda på Ekrene vest skal kunne utbyggjast som bustadområde (fase 3)». Kart i planen på s. 40-41 vert endra i tråd med dette.
5. Kommunane har ønska å redusere omfanget av retningsliner innanfor landbruk. Fylkeskommunane har foreslått at Haugalandsplanen kan bli samordna meir med regional plan for Ryfylke ved at deler av retningsliner om bruk av ledige driftsbygningar i landbruket vert tatt ut.

Fylkesadministrasjonane sine forslag til endringar er konkret vist i vedlegg 1.

Fylkesrådmannen si vurdering av endringar vedtatt av fylkestinget i Rogaland  
Fylkesrådmannen har gitt ei konkret vurdering av endringane:

*Punkt 2a: Ølensvåg:*

Endringa inneber at Ølensvåg får status som «områdesenter» i staden for «tettstedssenter».

Endringa inneber eit signal om prioritering av utbygging og funksjonslokalisering i Ølensvåg (og Ølen) framfor andre grender i Vindafjord. Forskjellen mellom Ølensvåg og Ølen (regiondelsenter) i senterstrukturen vert mindre enn før. Fylkesrådmannen vurderer at endringa i liten grad påverkar forhold i Hordaland.

*8c: fasade-endringar:*

Retningslina omfattar eit forbod mot nyetablering/utviding av handel på Norheim/Raglamyr.

Endringa presiserer at det skal være rom for fasadeendringar og utbetringar, så lenge handelsarealet ikkje aukar.

Endringa er primært ein tydeliggjøring av kva tiltak som er omfatta av retningslina på Norheim/Raglamyr og endrar ikkje vesentleg på verknaden av den. I tillegg er dette knytt til forhold i Rogaland fylke.

*10a: utbygging i distrikta:*

Retningslina omfattar prioritering av bustadbygging «innanfrå og ut» i tettstadene. Planen hadde tidlegare ein setning om at det kunne bli planlagt for eit meir differensiert busettingsmønster i spreittbygde område utan sentre.

Endringa inneber at nemnte setning vert erstatta med ein formulering henta frå «Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging».

Den nye formuleringa er litt mindre konkret med omsyn til avgrensing av områder der det kan «planlegges for et mer differensiert bosettingsmønster». Fylkesrådmannen vurderer endringa til å vere av mindre karakter og samtidig i tråd med nasjonale retningslinjer.

*14b: uteoppholdsareal:*

Retningslina omfattar krav til uteoppholdsareal ved bustadbygging.

Endringa inneber at krav til uteoppholdsareal ved bustadbygging i senterområda vert sett likt for regionsenter, regiondelsentre og områdesentre, i staden for at berre Haugesund sentrum har eit lågare krav. Kravet vert redusert frå 30 til 20 m<sup>2</sup> per buening. Arealet skal bli dekkja innanfor eigen tomt. Tidligere kunne 50 % bli dekkja i nærområda også i regiondel-sentra, no gjeld dette berre for Haugesund sentrum.

Endringa inneber reduserte krav til felles uteoppholdsareal ved bustadutbygging i Etne, Sveio og Skånevik sentrum, men samtidig noko strengare krav til kva som må bli dekt innanfor tomtearealet. Det er først og fremst i sterke pressområde det er utfordrande å dekke inn dette kravet. I dei aktuelle senterområda i Hordaland vil ikkje dette vere tilfellet.

Fylkesrådmannen meiner det er uheldig at punktet om at 50 % kan dekkast i nærområdet har falt ut. Det som er viktig er at ambisjonen om at ein får tilstrekkeleg uteoppholdsareal i sentrumsområde. Ved oppfølging og forvaltning av planen vil fylkesrådmannen leggje vekt på at ein finn lokalt gode løysingar, meir enn konkret korleis det er løyst. Dei aktuelle sentera i Hordaland er ikkje dei sterkaste pressområda, og endringa vert difor vurdert til å vere av mindre karakter.

*Evaluering:*

Det vert innarbeida eit punkt i handlingsplanen om at planen skal bli evaluert første gang i 2018.

Endringa inneber ingen endring for forvaltninga av planen, men gir signal om at Rogaland fylkeskommune vil ha et aktivt forhold til korleis planen og til areal- og transportutviklinga i regionen.

Fylkesrådmannen meiner at det kan vere lurt å evaluere regionale planar. Dette skal ein likevel gjere gjennom regional planstrategi kvart fjerde år. Endringa vert vurdert til å ikkje ha vesentlege verknader.

Samla sett vurderer fylkesrådmannen at dei nye endringane ikkje medfører vesentlege endringar i planen, og at dei er imøtekomande mot ønska frå kommunane. Fylkesrådmannen tilrår at planen vert vedteken i tråd med vedtaket i Rogaland fylkesting.

**Konklusjon**

Regional plan for areal- og transport på Haugalandet er etter fylkesrådmannen si vurdering ein svært viktig plan for utviklinga av Haugalandet som region. Den gjev eit felles grunnlag for å utvikle regionen vidare i ei positiv retning. I høyringa i fjor slutta dei fleste innspela seg til hovudgrepa i planen. Dette legg eit godt grunnlag for vidare oppfølging. Fylkesrådmannen viser vidare til dei vurderingane som vart gjort i handsaminga i 2015, jf. PS 38/2015 i vedlegg 6.

Det er uheldig at ein har fått ein ekstrarunde det siste året der kommunane har ønska ytterlegare endringar. Kommunane har slutta seg til målsettingane i planen, men meiner verkemidla er for strenge. Før handsaminga i fylkestinga i juni 2016 la fylkesrådmannen vekt på at det er viktig at fylkeskommunane står samla slik at ein kan ta fatt på å følgje opp planen i praksis, samtidig som at det er avgjerande viktig at ein sikrar god dialog med kommunane i oppfølgingsfasen. Det er difor uheldig at det kom endå fleire endringar i handsaminga i Rogaland fylkesting. Fylkesrådmannen tilrår no at fylkestinget vedtek planen med dei endringar som er gjort greie for.

Fordi planen inneber ei tydeleg endring i strategi for arealbruk og utbyggingsmønster, er det svært viktig med likebehandling for alle kommunane, og ein bør generelt unngå å differensiere retningslinjer og føresegner i planen for ulike kommunar. I PS 38/2015 viste Fylkesrådmannen likevel til at det er eit skilje mellom deler av planen som råkar det funksjonelle bu- og arbeidsmarknaden og felles areal- og



transportproblemstillingar på den eine sidan, og meir interne retningsliner for effektiv landbruksdrift. Dette var nok bakgrunnen for Fylkestinget sitt vedtak om forhandlingsutval for å sjå nærare på retningslinene om landbruk.

I felles forslag til endringar i vedlegg 1 er det føreslått nokre endringar i retningslinene for landbruk, mellom anna knytt til bruk av driftsbygningar. I tillegg er det presisert at endeleg avgrensing av kjerneområde for landbruk skal bli sett i kommuneplanane. Fylkesrådmannen tilrår at føreslåtte endringar i landbruksdelen vert vedteken.

Med utgangspunkt i eit samrøystes vedtak i fylkestinget frå juni 2015, er fylkesrådmannen samd i Rogaland fylkeskommune sin vurdering om at det berre er mindre endringar ein opnar for. Det er ikkje ønskjeleg med fleire høyringsrundar. Fylkesrådmannen meiner at dei endringane som er føreslått er imøtekomande mot ønska frå kommunane, samtidig som det sikrar eit heilskapleg grep for heile regionen. Det vert rådd til å vedta planen med føreslåtte endringar som gitt i vedlegg 1. I tillegg rår fylkesrådmannen til at dei siste endringane frå Rogaland fylkesting vert vedteken.